

I spotlighten

Johannes Skogheim Pedersen (12) har fått oppleve å vere skodespelar på store teaterscenar. Til dagleg er han ein vanleg sjetteklassing som liker å spele fotball og å vere saman med venner. Han veit ikkje kva han synest er mest moro for tida: skodespel eller fotballtriksing.

Kva er det beste med å vere skodespelar?

– Det beste er når folk liker det du gjer. Det er lett å merke om publikum er med eller ikkje. Når det er heilt, heilt roleg, då veit vi at vi har full merksemd frå publikum. Det er gøy å høyre at folk ler når noko er morosamt, og at dei græt når noko er trist. Og det er fint å få skikkeleg applaus!

Kva er det vanskelegaste med å vere skodespelar?

– Det er vanskeleg å oppføre seg som ein annan enn seg sjølv.

Har du nokon triks for å få det til?

– Ja, når den eg speler, skal vere veldig alvorleg og trist, då prøver eg å tenkje på noko som eg synest er veldig, veldig trist. Då kjem det kanskje ei ekte tåre eller to. Om eg skal vere glad og sprudlande, må eg prøve å tenkje på ting eg synest er bra og morosamt. Publikum merkar fort om det er ekte.

Er det skodespelar du vil bli når du blir vaksen?

– Nja, eg veit ikkje. Eg trur kanskje ikkje det. Det er mykje anna som er moro, også! Eg treng ikkje bestemme det enno, heldigvis.

Johannes har også eit anna talent, nemleg fotballtriksing. Han har vore i avisa fleire gonger fordi han har rekorden for aldersgruppa si. I klassen og blant kompisar er det fotballen





som får mest merksemd. Men jentene synest det er stas at han er skodespelar og kan syngje.

Får du i det heile tid til skule og lekser?

– Eg har fri frå skulen når eg er med i førestillingar, men eg må følgje med på kva klassen jobbar med, og prøve å gjere lekser likevel.

Korleis er det med nervar før teppet går opp?

– Eg kan bli litt nervøs om vi skal gjere noko vanskeleg eller litt farleg på scenen som kan gå gale. Det er mykje som kan skje; myggar kan losne eller slå seg av, kostyme kan falle av, nokon kan få vondt og bli skadd. Sånt kan gjere meg nervøs.

Har du råd til alle dei som drøymmer om å stå på ein scene?

– Ikkje gi opp! Om det er noko du verkeleg vil, så må du berre øve og øve, prøve og prøve. Det gjeld for alt du har lyst til å bli god i! Finn du noko du har skikkeleg lyst til, så stå på!

Oppgåver:

Sjå elevbok 7A side 251.

Gjer oppgåvene 1, 2, 4, 5, 6, 7 og 10.

Frå førestillinga
Les Miserables
på Kilden i
Kristiansand,
der Johannes
spelte rolla som
Gavroche.